



*Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.*

*For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".*

## Miljøterapeut i psykisk helsearbeid - vikariat

### Stillingsinformasjon

Helseavdelinga har behov for ein eller fleire vikarar for miljøterapeut inntil vidare.

Avdeling for psykisk helse og rus inngår i tenesteområde helse sitt tverrfaglege tilbod, og yter tenester mot ei brei målgruppe kva gjeld alder, diagnosar og livsutfordringar.

Våre mål er å bidra til å fremje sjølvstende, tilhøyring og styrkt evne til å meistre eige liv for menneske med redusert psykisk helse. I dette ligg m.a. styrking av oppfølging i eigen bustad og tilretteleggje for meningsfull aktivitet.

Avdelinga har sine kontor på Meland rådhus, Frekhaug.

### Arbeidsoppgåver

Arbeidet omfattar direkte tenesteyting til personar med rus og/ eller psykiske vanskar som har trong for koordinert tenesteyting innan miljøterapi og buoppfølging.

### Kvalifikasjonskrav

Vi søker etter deg som trivast i eit aktivt miljø og liker faglege utfordringar.

Det er krav om minimum 3-årig helse- og/eller sosialfagleg høgskuleutdanning. Det er ønske om relevant vidareutdanning, men søker med relevant erfaring kan vurderast.

Det vert lagt vekt på erfaring, personlege eigenskapar og evne til samarbeid.

Den som vert tilsett må ha god skriftleg og munnleg framstillingsevne.

Det er krav om førarkort klasse B og ein bør disponere eigen bil.

Det må påreknast noko arbeid på ettermiddag/kveld inntil 1 dag per veke.

### Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 26.05.2019

Utlyst dato 08.05.2019

Vårref

153/19

### Kontaktperson

Petter Lingjerde, Fagleiar, tlf: 5617100, mobil: 99497605, petter.lingjerde@meland.kommune.no

Tord A Lappen Moltumyr, Helsesjef, tlf: 56171120, tord.moltumyr@meland.kommune.no